

60 ÅRS MARKERING FOR  
INGRID BJERKÅS SIN  
ORDINASJON.

Haslum menighet arrangerer ein hyllest til henne og kvinners presteteneste.

Appell ved Oslo biskop Kari Veiteberg

Kjære venner,

Den 19.mars 1961 blei Ingrid Bjerkås ordinert som første kvinnelige presten i Den norske kyrkja. Vi står her i takknemligheit. Eg står her som prest, Oslo biskop og feminist.

Kva betyr det at kyrkja vå no har hatt seksti år med kvinnelege prestar?

Dei fleste i kyrkja er jo ikkje prestar.

Dei fleste sit i benkane under gudstenestene, høyrer og ser framover, framover mot altaret.

Ei av Norges første feminist-teologar Dagny Kaul, har fortalt meg om kva ho opplevde i Frogner kyrkje då ho for første gong såg ei kvinne ved altaret: Det var Sylvi Baardseth

Panjawi, (Sylvi var kapellan i Frogner frå 1977- 2000).

*«Det skjedde noko fundamentalt med heile mi erfaring – oppleving – av det heilage,»* sa Dagny Kaul.

Klart at kvinner ved alter og på preikestol endra noko! Det skjedde noko med den klare rollefordelinga der alle har fått tildelt sin plass: menn der, kvinner der, barn der, skeive der. Det er ei maktfordeling som har levd i kyrkja og som vi stadig kan sjå restar av.

No seksti år sidan den første, er vi mange kvinner. Og vi er eit sant *mangfald* av kvinner! Eg blei fødd same året som Ingrid Bjerkås blei ordinert og eg blei ordinert tretti år etter. I mi studietid blei mange av oss opptatt av spørsmålet om språk. Dersom vi berre brukar maskulint språk om Gud, kan vi å skape eit inntrykk av at Gud er meir mann enn kvinne. Kor er det blitt av Gud som Surdeigsbakar, Bakstekone, Myntleitar, Sauebonde, Gartnar,

Veverske, Visdom, Hyrde, Ven,  
Kjelde, Fjell, Bjørnemor? Ho fins i  
Bibelen! Og også slike namn på Gud  
kan skape ei anna oppleving av det  
heilage!

Seksti år sidan: Etter den tid har vi  
heldigvis fått fleire prestar som er  
kvinner, og vi har fått eit større  
mangfald i kyrkja.

Som feminist og biskop håpar eg at  
eg kan får vere med å gjere rommet  
betre å vere i for alle kvinner. Men  
kampen er ikkje over enno: Stadig

høyrer vi historier om kvinner som  
ikkje blir sett, vi høyrer også om dei  
som blir sett på ubehagelege måtar.

Vi må arbeide saman for at rommet  
for alle blir større og betre:

At du som veks opp, du som no  
studerer til prest, at du som sit i  
kyrkjebenken, kan erfare at du har  
eit rom i kyrkja, -som den du er.

Vi minnes i dag Ingrid Bjerkås og  
ser framover. Kampen er ikkje over.  
Også i dag og her heiter det: Fremad  
og ikkje gløyme!